



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.
2510e4ec-985e-4172- b43f-d694aac42bdb	26/13 - 96

Dato
13.05.2026

Høyringsuttale frå Voss herad til høyring om mellombels løyve til fråvik frå manøvreringsreglementet for Piksvatnet Saksnummer 202609341

Viser til høyring knytt til Eviny Fornybar AS sin søknad om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet for Piksvatnet i Eksingedalsvassdraget i Voss herad i perioden 01.06.2026-30.06.2026. Bakgrunnen er at det skal monterast vasstandmåleutstyr. I dag har magasinet manuell avlesing av vasstand, og NVE har pålagt å etablera automatisk registrering.

Voss herad har ingen merknader til at manøvreringsreglementet vert fråvike for den omsøkte perioden.

Voss utferdslag har hytte ved Voladammen og T-merka sti i området, og bør på bakgrunn av dette få informasjon om tiltaket.

Høyringsuttalen er utarbeidd administrativt.

Med venleg helsing

Lina Hamre
Klima- og miljørådgjevar
Tlf: 92429868

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur